



SHA-plan for Lærdalsøyri skule

Plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på byggeplassen iht. byggherreforskrifta

INNHOLDSFORTEGNELSE

1 INNLEDNING

- 1.1 Formålet med SHA-planen
- 1.2 Målsetting
- 1.3 Generell prosjektbeskrivelse
- 1.4 Oppdatering og distribusjon av SHA-planen
- 1.5 KUNNGJERING OG GJENNOMFØRING AV SHA-PLANEN

2 ORGANISASJON

- 2.1 Organisasjonsplan
- 2.2 Hovedbedriftens samordning
- 2.3 Fremdrift
- 2.4 Hovedfremdriftsplan i utførelsesfasen (viktige milepæler)
- 2.5 Detaljerte fremdriftsplaner
- 2.6 Ein må også vurdere sikkerheita til andre aktørar, slik at spesielt helseskadelege aktivitetar ikkje blir planlagt utført parallelt med andre aktivitetar på same område, til dømes sprøytemåling eller arbeid i område der det blir montert tunge element, som stål, prefabrikkerte element, trappar, teknisk utstyr, osb.
- 2.7 SHA risikovurderinger og spesifikke tiltak

3 RUTINER FOR AVVIKSBEHANDLING

- 3.1 Avvik fra SHA-planen
- 3.2 Rapportering og oppfølging av uønskede hendelser

1 INNLEDNING

1.1 FORMÅLET MED SHA-PLANEN

SHA-planen er utarbeidd som ein del av å sikre at dei planlagde bygg- og anleggsarbeida for Garderobenalegg LØS blir gjennomførte slik at liv og helse til alle som deltek i eller blir råka av prosjektet, ikkje blir sett i fare. SHA-planen er utarbeidd i samsvar med § 8 i Forskrift om tryggleik, helse og arbeidsmiljø på bygg- eller anleggsplassar (Byggherreforskrifta) og er byggherrens overordna plan for styring av SHA-arbeidet i prosjektet. Byggherren er ansvarleg for å utarbeide og oppdatere SHA-planen dersom det oppstår endringar som har betydning for helse, tryggleik eller arbeidsmiljø. Leverandørar er ansvarlege for å bidra med informasjon slik at denne SHA-planen blir av best mogleg kvalitet og til ei kvar tid oppdatert. Leverandørens styringssystem for arbeidsmiljø/internkontroll (HMS-plan) som er relevant for dette prosjektet, skal samsvare med forholda som er nemnde i denne SHA-planen.

1.2 MÅLSETTING

Tryggleik, helse og arbeidsmiljø skal ha høg prioritet ved utføring av arbeid i alle ledd, og krava som blir sett, skal innarbeidast i planlegging, prosjektering, bygging og drift på lik linje med tekniske, økonomiske og framdriftsmessige omsyn. Prosjektet skal gjennomførast med minst mogleg negative konsekvensar for brukarar og omgjevnader. Bygg- og anleggsvirksomheita skal planleggjast og gjennomførast slik at det ikkje oppstår dødsulukker, alvorlege personskader eller skade på miljøet. Materiell og utstyr skal også takast vare på.

Måla skal nås på følgjande måte:

- Under planlegging skal det takast omsyn til farlege forhold. Det skal gjerast ei felles risikovurdering for ulike aktivitetar før arbeidet startar.
- Ved bruk av overvaking og kontroll, interne revisjonar og vernerundar.
- Fylgje prosedyrar for handsaming av uønska hendingar/avvik.
- Alle system og utstyr skal veljast med utgangspunkt i trygg teknologi og trygge prosedyrar.
- Sikre minst mogleg ulemper for trafikk i området.
- Halde anleggsområdet ryddig og forskriftsmessig sikra.
- Minimalisere mengda avfall og sørge for kjeldesortering.
- Sikre god kommunikasjon mellom prosjektet, myndigheiter og naboar.

1.3 GENERELL PROSJEKTBSKRIVELSE

Lærdal kommune (BH) skal lage eit nytt garderobeanlegg til opplæringsbassenget ved Lærdalsøyri skule. Garderoben skal totalrehabiliterast, og følgjande arbeid skal utførast i prosjektet:

- Rivingsarbeid og miljøsaneringstiltak

- Bygningstekniske arbeid innvendig
- Oppgradering av brannsikringstiltak
- Tekniske installasjonar
- Røyrleggjararbeid
- Ventilasjonsarbeid

1.4 OPPDATERING OG DISTRIBUSJON AV SHA-PLANEN

Byggherren v/KP har ansvaret for utarbeiding av SHA-planen før anbodskonkurransen, med tanke på tidsbruk, risikovurdering av løysingar og beskriving av spesifikke tiltak. Byggherren v/KU har ansvaret for å oppdatere, supplere og distribuere planen under bygge- og anleggstida. Vedlegg til planen, som til dømes framdriftsplanar, blir revidert ved behov og blir distribuert separat. Overlevering av SHA-planen frå prosjektering til utførelse, koordinator utførande (KU), skal protokollførast. SHA-planen må sjåast i samanheng med SHA-krav og spesifikasjonar som er ivareteke i andre delar av kontrakten. Dette gjeld mellom anna krav til: • Førebyggjande tiltak (riggforhold) iht. BHF §9

Distribusjonsliste SHA-plan:

Funksjon	Kontaktperson	Selskap	E-post
Byggherre	Jonas Edshage	Lærdal kommune	Jonas.edshage@laerdal.kommune.no
Prosjektleder / Byggherrens representant	Jonas Edshage	Lærdal kommune	Jonas.edshage@laerdal.kommune.no
Koordinator prosjektering, KP			
Koordinator utførelse, KU			
Totalentreprenør			
Elektro			
Rørlegger			
Ventilasjon			

Revisjonsoversikt:

Rev. nr.	Endring	Dato
01		
02		

Rev. nr.	Endring	Dato
01		
03	Oppdatert til byggestart	


1.5 KUNNGJERING OG GJENNOMFØRING AV SHA-PLANEN

SHA-koordinator for prosjektering (KP) har ansvaret for å etablere planen i samarbeid med dei prosjekterande og byggherren. SHA-koordinator for utføring (KU) har ansvaret for å gjennomgå planen med dei utførande entreprenørane før byggestart. Entreprenøren plikta å implementere relevante delar av SHA-planen i sitt internkontrollsystem, jf. BHF §18. Kvar entreprenør er sjølv ansvarlege for å informera sine tilsette om innhaldet i planen på ein forståeleg måte.

2 ORGANISASJON

2.1 ORGANISASJONSPLAN

Prosjektet skal gjennomførast som en totalentreprise



2.2 HOVEDBEDRIFTENS SAMORDNING

Se også hovudbedriftsavtale.

Det vert stillet krav om samordning både i arbeidsmiljølova § 2-2 (2) og i internkontrollforskrifta § 6. Totalentreprenøren skal vere hovudbedrift. Hovudbedrifta skal samordne dei einskilde verksemdenes verne- og miljøarbeid. Plikta til å samordne verne- og miljøarbeidet er uavhengig av byggherrens ansvar. Aktivitetar som hovudbedrifta er ansvarleg for, inkluderer blant anna:

- Felles vernerundar
- Felles risikovurderingar
- Registreringsrutiner for avvik
- Oversiktslister i tråd med BHF § 15
- Felles stoffkartotek for heile byggeplassen
- Tilrettelagt verneteneste for alle
- Felles forståing for rapportering hos alle verneombod
- Verneomboda har heile bygg- og anleggsplassen som verneområde

Kontroll på oppstilling og sertifisering/kontroll av teknisk utstyr Særleg gjeld det at hovudbedrifta har ansvaret for at logistikken og framdrifta er gjennomtenkt, slik at arbeid frå ein aktør ikkje set ein annan aktørs arbeidarar i fare. Samordningsskjema skal vere underskrive før byggstart. Hovudbedrifta skal føre oversiktsliste over alle som utfører arbeid på bygg- og anleggsplassen i tråd med BHF § 15. Oversiktslistene skal kontrollerast dagleg. Listene skal vere tilgjengelege og skal ved behov visast til byggherre, arbeidsgivar, verneombod og Arbeidstilsynet. Listene skal lagrast i minst seks månader etter føringsdato.

3 FREMDRIFT

3.1 HOVEDFREMDRIFTSPLAN I UTFØRELSESFASEN (VIKTIGE MILEPÆLER)

Nr	Beskrivelse	Dato
1	Byggestart	
	<i>(Delmål, viktige milepæler, osv.)</i>	
	Ferdigstillelse	
	Overtakelse fra entreprenør	

3.2 DETALJERTE FREMDRIFTSPLANER

Entreprenøren skal utarbeide detaljerte framdriftsplanar. Framdriftsplanen skal beskrive når og kvar dei ulike arbeidsoperasjonane skal utførast, og må ta omsyn til når dei spesifikke tiltaka må setjast i verk, og eventuelle krav til rekkefølge der dette er relevant.

Ved utarbeiding av framdriftsplanane skal ein ta omsyn til kor lang tid dei enkelte arbeidsoperasjonane treng, slik at arbeid ikkje blir forsert i ein grad som kan føre til fare for tryggleik, helse eller arbeidsmiljø. Det må også setjast av nok tid mellom dei ulike operasjonane slik at fukt kan tørke ut, skadelege gassar kan slippe ut, og materialar kan stabilisere seg.

Ein må også vurdere sikkerheita til andre aktørar, slik at spesielt helseskadelege aktivitetar ikkje blir planlagt utført parallelt med andre aktivitetar på same område, til dømes sprøytemåling eller arbeid i område der det blir montert tunge element, som stål, prefabrikkerte element, trappar, teknisk utstyr, osv.

Framdriftsplanen skal vere eit verktøy for koordinering, og blir nytta ved forsinkelsar eller andre endringar i tid eller stad (samtidigheit), og kan bidra til å gi oversikt over eventuelle endringar i risikobiletet som følgje av dette. Framdriftsplanen skal hengjast opp på byggeplassens oppslagstavle og må oppdaterast når det skjer endringar. Informasjon om endringar blir gjort seinast på det neste SHA-/byggemøtet, og ved oppslag.

4 SHA RISIKOVURDERINGER OG SPESIFIKKE TILTAK

Det er gjennomført SHA-risikovurderingar i samband med prosjekteringa, og risikofylte arbeid er identifiserte og beskrivne. For farar som ikkje kan prosjekterast bort, er det spesifisert tiltak for utførelsesfasen.

Det blir presisert at kjende og gjentakande risiko, det vil seie risikofylte arbeid som er "vanlege" i byggeprosjekt, ikkje er med i denne tabellen, sidan dette er forhold som den einskilde verksemda skal handtere som ein del av eigen internkontrollsystem.

Tabellen på neste side viser identifiserte risikoforhold og forslag til tiltak for garderobeanlegg LØS.

Tabell 4.1. SHA-risikovurdering og spesifikke tiltak

!

Nr.	Aktivitet / arbeidsoperasjon	Fare / uønsket hendelse	Spesifikke tiltak	Referansedokument	Ansvarlig for tiltaket
1	Riverarbeider	Helse- og miljøfarlege stoffar i bygningskonstruksjoner.	Handtere alle miljøfarleg stoffar på i henhold til rutinar og sortere disse i henhold til krav.	Miljøsaneringsplan	Totalentreprenør
2	Riving murvegger og andre innervegger	Kollaps på tak eller settingar i konstruksjon.	Sikre at kontraksjon på vegger ikkje er bærande eller at konstruksjonen ikkje svekkets	Riveplana	Entreprenør/RIB
3	Arbeider i krypkjeller	Skade på gjenstandar	Rydde i forkant av arbeider		
4	Arbeider i krypkjeller	Utvikling av farlege gassar eller stoffar	Ventilere kryp kjeller når nødvendig		Entreprenør
5	Skade på elever	Elever blir på kjørt av bil	Biler må aldri rygge på skulegard (utanfor riggområde). Tungtransport skal alltid ha følgesmann når den kjører på skulegard. Parkering for arbeider kan ikkje skje inne på riggplass, kun henting å levering av utstyr. Kjøring skal skje i så liten grad som mogleg i skole start og slutt, samt friminutt. Kjøring skal kun forkomme på angitt vei.		Entreprenør

Nr.	Aktivitet / arbeidsoperasjon	Fare / uønsket hendelse	Spesifikke tiltak	Referansedokument	Ansvarlig for tiltaket
				Se forslag til riggplan	
6	Skade på elever	Elever skader seg på riggplass	Riggplass skal gjerdes inn bygge gjerder som er minst 2 m i høyde. Gjerder skal festes godt sammen og til vegger, slikt at elever ikke kan åpne flytte gjerder. Port til køyretøy skal etablere, den skal alltid holde stengt og kun åpnes ved transport.	Se forslag til riggplan	Entreprenør
7	Spredning av asbest	Skade på elever og arbeider	Asbest må fjernes og oppbevarast (før det blive kjøra vekke frå plassen) på en slike måte at det ikkje er risiko for spredning.		Entreprenør

5 RUTINER FOR AVVIKSBEHANDLING

5.1 AVVIK FRA SHA-PLANEN

Avvik inneber endringar og oppdateringar av SHA-planen. KU har ansvaret for å halde planen oppdatert og distribuere den i løpet av byggeperioden. Hovudbedrifta skal hjelpe KU i dette arbeidet ved behov.

Kvar person har plikt til å melde frå til KU om forhold ein meiner ikkje er i samsvar med planen, eller som ein meiner bør behandlast og inkluderast.

- Behov for endringar skal meldast skriftleg til koordinator utføring (KU) umiddelbart etter at forholdet er oppdaga.
- KU registrerer innmeldte/oppdaga behov for endring frå SHA-planen gjennom prosjektet (byggherrens) avvikssystem.
- Avgjerd om naudsynte tiltak vert teke av byggherren v/ prosjektleiar/byggjeleiar i samråd med KU og anleggsleiar eller tilsvarande hos dei utførande.
- Informasjon om endringar og tiltak vert meldt til alle i samsvar med SHA-planens distribusjonsliste.

5.2 RAPPORTERING OG OPPFØLGING AV UØNSKEDE HENDELSER

Entreprenøren skal i sitt internkontrollsystem ha etablerte rutinar for varsel, rapportering, registrering, undersøking og oppfølging av ulukker og uønskt hendingar som kan oppstå i samband med deira arbeid på bygg- eller anleggsplass.

Entreprenørens system for rapportering av hendingar skal omfatte hendingar frå entreprenøren og alle underentreprenørar i oppdraget. Den einskilde verksemda kan bruke sine eigne skjema for rapportering, men rutinane må vere samstemte med krav som hovudbedrift stiller for prosjektet.

Alle ulukker, nesten ulukker og all skade skal meldast/rapporterast til Hovudbedrift og Koordinator for utføring (KU). Alle alvorlege hendingar, til dømes ulukker som resulterer i alvorleg personskade (fråversskade), brannar, eksplosjonar eller miljøutslepp, skal rapporterast til byggherren, KU og HB direkte.

Ønska hendingar skal granskast, og tiltak skal setjast i verk for å hindre gjentakning av hendingane. Byggherren skal kunne delta som observatør ved entreprenørens gransking etter alvorlege hendingar.

Alle avvik blir referert i påfølgjande vernerunde, samordningsmøte og byggemøte. Ved manglande tiltak for retting av meldte avvik kan HB/KU sørgje for retting utført av andre, og eventuelt søke regress hjå aktuell arbeidsgivar.